

Utarbeiding av tiltaksplan for Helse2035


Bakgrunn

Verksemdestrategien, Helse2035 er vedteken. Tilbakemeldingane har vore positive, og arbeidet med tilhøyrande tiltaksplan vil gå føre seg utover hausten.

Tiltaksplanen skildrar regionale tiltak som skal bidra til gjennomføring av strategien. Dei regionale tiltaka skal ha ei overordna innretting, binda saman, og byggje opp om den lokale gjennomføringa av strategien. Regionalt samarbeid, felles system og utgreiingar og andre tiltak for å sikre heilskaplege tenester i regionen, er derfor prioriterte.


Struktur

Tiltaksplanen må sjåast i samanheng med eksisterande nasjonale og regionale program. Helseføretaka sine eigne strategi- og utviklingsplanar vil bidra til ytterlegare operasjonalisering av strategien på HF-nivå (sjå figur under).



Tiltaka er delt inn i forhold til strategien sine hovudtema, og har ei inndeling i tidsperiodar der dei fire første åra av strategien er beskrivne konkret. Dei påfølgjande

fireårsperiodane blir ikkje beskrivne på tiltaksnivå, men strategi og tiltak peikar i en tydelig retning. Tiltaksplanen må difor reviderast og konkretiserast i strategiperioden.



Tiltaksplanen inneheld eit avgrensa tal tiltak. Dei kjem i tillegg til, og byggjer vidare på, eksisterande prosjekt og program. Tiltaka er summert opp i forhold til strategien sine 4 hovudområde (sjå døme under). I tillegg er kvart tiltak beskrivne på ei eiga side. Kvart enkelt tiltak er skildra slik at informasjon om aktuelle mål, tiltaksområde, eksisterande satsingar og planar, involverte aktørar, avhengnader til andre tiltak og tidsperspektivet kjem fram. Sjå døme under og vedlegg for alle tiltaka.

1. Pasienten si helseteneste

Overordna målsetjingar i Helse2035:

- Tenestene skal vere likeverdige og halde høg kvalitet, utan uønskt variasjon. Møtet mellom medarbeidarane og pasientane skal gi meirverdi, og ingen skal døye eller bli skadde som følgje av unngåelege feil og manglar.
- Tydelege prioriteringar, involverande prosessar og god kommunikasjon skal gi eit rett bilete av kva pasientane kan forvente, sikre lik tilgang til tenester og bidra til ei berekraftig utvikling.
- Pasientar med fleire samtidige sjukdommar skal få eit heilskapleg og tverrfagleg tenestetilbod, og eit samanhengande behandlingsforløp som er organisert med utgangspunkt i den enkelte pasienten sitt behov.
- Pasientar skal få ei raskare, betre og meir koordinert behandling på tvers av faglege, organisatoriske og geografiske grenser.

Tilgrensande planar, strategiar og program

Regionale planar

- Teknologi for Helse
- Regionale planar for Helse
- Aktuelle behandlingsskema

Regionale strategiar

- Regional innovasjonsstrategi
- Regionale strategiar for Helse

DØME – Oppsummering pr. tiltaksområde

1.1 Betre medisinsk planlegging og overgangar til kommunane

Definere ein standard for «[aggressiv planlegging](#)», og set krav om at aggressiv planlegging blir nytta ved alle interne tilvisingar

1.2 Systematisk oppfølging av brukarerfaringar

Setje kvalitetsmål knytte til PREM og PROM, og hente inn data for å vurdere måloppnåinga (i kor stor grad hentar vi allereie inn [data](#)?)

1.3 Styrke koordinatrorolla

Utvide koordinatrorolla til fleire pasientforløp. Opprette eit regionalt forum for koordinatrar

1.4 Kjennskap til og kultur for rett prioritering

Sikre prioritering nødvendig plass i utdanninga. Gjennomføre regionale opplæringsstiltak

1.5 Redusere uønskt variasjon

Nytte benchmarking og indikatorar til å analysere lokale, regionale og nasjonale variasjonar. Etablere normer og setje krav til maksimale avvik

2018-2019 2020-2021 2022-

2018-2019 2020-2021 2022-

2018-2019 2020-2021 2022-

2018-2019 2020-2021 2022-

2018-2019 2020-2021 2022-

1. Pasienten si helseteneste

1.2 Systematisk oppfølging av brukarerfaringar

<p>Bakgrunn</p> <p>Spesialisthelsetenesta brukar eit breitt spekter av indikatorar i kvalitetsoppfølginga. Indikatorane legg mest vekt på aktivitet og medisinsk utfall, mens pasientopplevingane i mindre grad blir brukt i styringa av verksemda.</p>	<p>Tiltak</p> <p>> Setje kvalitetsmål knytte til PREM og PROM, og hente inn data for å vurdere måloppnåinga</p>												
<p>Ønska effekt</p> <p>> Mål: Betre pasientopplevingar og opplevd nytte av behandlinga</p> <p>> Betre pasientopplevingar (PREM)</p> <p>> Mindre variasjon</p> <p>> Auka eigenmeistring og opplevd nytte av behandlinga (PROM)</p>	<p>... > ...</p>												
<p>Involverte aktørar</p> <table border="1"> <tr> <td>HF-a</td> <td>UH-sektoren</td> <td>Andre</td> <td>Private aktørar</td> <td>Kommunane</td> <td>Fastlegane</td> </tr> </table>	HF-a	UH-sektoren	Andre	Private aktørar	Kommunane	Fastlegane	<p>Tidslinje</p> <table border="1"> <tr> <td>2018</td> <td>2019</td> <td>2020</td> <td>2021</td> <td>2021-2025</td> <td>2026-2035</td> </tr> </table>	2018	2019	2020	2021	2021-2025	2026-2035
HF-a	UH-sektoren	Andre	Private aktørar	Kommunane	Fastlegane								
2018	2019	2020	2021	2021-2025	2026-2035								

DØME – Enkelttiltak

Forankringsprosess

Vi ynskjer ein prosess der eit tidleg utkast til tiltaksplanen vert diskutert i helseføretaka og inviterer med dette helseføretaka og tillitsvalde til å kome med innspel. Temaområda er vedtekne i strategien, så det vi først og fremst er ute etter, er konkretiseringar av desse, kva tid i perioden dei ulike tiltaka bør fasast inn, og kva avhengigheiter de ser mellom tema, som spelar inn på rekkefølga i gjennomføringa.

For å sikre målretta innspel og kommentarar ber vi særleg om innspel knytt til følgjande område:

- Planlagt rekkefølge på gjennomføring av tiltaka
- Avhengnader mellom tiltaka (påverkar tidspunkt for gjennomføring)
- Tidspunkt for gjennomføring
- Eventuelle andre kommentarar

Innspela vil bli samanstilt med andre moment som kom i strategiprosessen før eit forslag vert lagt fram for styret i Helse Vest RHF.

Tidsplan

Med grunnlag i møteplan for styringsgruppe og styremøte foreslår vi følgjande tidsplan:

Helse2035 - Framdrift tiltaksplan

Periode	September				Oktober				November				Desember				
Oppdrag	4-10.	11-17	18-24.	25-1.	2-8.	9-15.	16-22.	23-29	30-5.	6-12.	13-19.	20-26.	27-3.	4-10.	11-17.	18-24.	25-31
Gjennomføre høring i HF-a																	
- Høyringsperiode																	
- Summere opp høyringssvara																	
Utarbeide utkast til styringsgruppa																	
- Utføre endringar etter tilbakemeldingar HF-høyringa																	
Utarbeide endeleg utkast til tiltaksplan																	
- Gjennomføre risikovurderingar																	
- Utføre endringar etter tilbakemeldingar frå styringsgruppa																	
- Sjekke av resultatet i tilfelle store endringar																	
- Dinamo og Språkverkstaden?																	
Fremje tiltaksplanen for styret																	
- Skrive saksframlegg																	
- Vere til stades under styrebehandlinga, om ønska																	
Utføre endringar etter styrebehandlinga																	

Vi ser lagt desse hovudstega i prosessen:

- Diskusjon i HFa, tillitsvalde og brukarutval: September - Oktober
- Direktørmøte/ styringsgruppa 6.11.17
- Styrebehandling av tiltaksplan i RHF-styret 14.12.17

Frist i føretaka

Vi ber om at kommentarar og innspel til tiltaksplanen vert gitt seinast innan mandag **16.oktober 2017.**